

Medlemsinfo juli 2021

STYRET I SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT 2021:

Leiar: Ragnhild Sæle, Jølstravegen 1652, 6847 Vassenden	Tlf. 416 33 342
e-post: ragnhild.saele@eninvest.net	
Nestleiar: Roger Løvik, Brekka 32, 6983 Kvammen	Tlf. 959 35 589
e-post: rog-bu@online.no	
Sekretær: Solgun Haugen, Lærdalsvegen 3460, 6888 Borgund	Tlf. 971 57 788
e-post: solgunh@hotmail.com	
Kasserar: Jo Risløv, Rislågvegen 95, 6893 Vik i Sogn	Tlf. 971 70 653
e-post: jo.rislov@gmail.com	
Styremedlem: Anne Inger Moen, Nordfjordvegen 4035, 6774 Nordfjordeid	Tlf. 990 36 448
e-post: a-i-moen@online.no	

Vara:

1. Jostein Flatland, Sogndal
2. Margrethe Garlid, Stryn
3. Vidar Sandal, Breim

Valde utsendingar til årsmøtet i NSG 2021:

1. Roger Løvik, Askvoll
2. Jo Risløv, Vik
3. Solgun Haugen, Lærdal
4. Jostein Flatland, Sogndal

Vara:

1. Tom Idar Kvam, Luster
2. Gunn Sande, Selje
3. Jon Nummedal, Vik
4. Vidar Sandal, Breim
5. Anne Inger Moen, Eid

Dei valde utsendingane deltok på årsmøtet, som vart gjennomført via Microsoft Teams og «SmartVote».

Ragnhild Sæle møter som ordførar i representantskapet.

Jo Risløv er vald som leiar i «Utval for mjølkegeit».

Anne Inger Moen er vald som SFSG sin representant i Avlsutvalet.

Solgun Haugen og Ragnhild Sæle skal ha ekstra fokus på rovdyr.

Roger Løvik er vald som SFSG sin representant og leiar i Gjetarhundnemnda.

Tom Idar Kvam er vald som leiar i Avlsutvalet for sau. Tom Idar er òg vara til Avlsrådet frå region Vest.

Odd-Jarle Øvreås er medlem i Gjetarhundrådet, frå region Vest

Ragnhild Sæle skal vere SFSG sin representant i «Utval for ammegeit»

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 971 115 599

ÅRSMØTE I NSG 10 – 11 MARS 2021

Årsmøte i NSG vart gjennomført ved hjelp av Microsoft Teams og SmartVote.

Roger Løvik, Solgun Haugen og Ragnhild Sæle sat i lag på Thon Hotel Jølster under årsmøtet, medan Jo Risløv og Jostein Flatland deltok heimafrå.

Eli Folven, Stryn, vart vald som ein av 3 direkte valde «Geiterepresentantar».

Ragnhild Sæle, Jølster, vart vald som ordførar i Representantskapet. Som ordførar vert ein innkalla til alle styremøter i NSG, der ein har uttalerett, men ikkje stemmerett.

Som følgje av at leiar i SFSG, er ordførar i Representantskapet, vil nestleiar representere SFSG på Representantskapsmøter.

Sigurd Vikesland, Aurland, vart attvald som styremedlem i NSG. Jo Risløv vart vald som 2. vara til styret i NSG.

Ronald Slemmen frå Møre og Romsdal vart vald som ny leiar i NSG.

UTVAL FOR MJØLKEGEIT

Utvalet for mjølkegeit skal utnemnast etter kvart årsmøte, og leiaren av gruppa skal komme frå styret i SFSG. For 2021 er Jo Risløv frå Vik vald til leiar. Dei andre medlemmene er:

Eli Folven, Ole Kristian Kjøsnes og Andreas Wiese

Har ein saker ein vil ta opp i høve mjølkegeita, så ta kontakt med medlemmane i utvalet for mjølkegeit.

AVLSUTVALET FOR SAU

Styret i SFSG har på styremøte 10.03.21 valt avlsutval for 2021

Leiar : Tom Idar Kvam, Hafslø
Nestleiar: Anne Inger Moen (Representant frå styret i SFSG)
Kåringsansvarleg: Einar Helge Haugstad
Bruksbesetning: Jostein Flatland
Nortura: Johannes Nedrebø (eller den som Nortura vel)

Vara:

1. Leif Tore Kårstad
2. Egil Ove Helleland

GJETARHUNDNEMNDA

Medlemmane i Gjetarhundnemnda for 2021 er:

Roger Løvik - Sunnfjord og Ytre Sogn Gjetarhundlag
Guro Valland Hofslundsengen – Indre Sogn Gjetarhundlag
Halvor Tenden - Nordfjord Gjetarhundlag

Roger Løvik representerer og SFSG. Han er òg leiar.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

UTVAL FOR AMMEGEIT

SFSG kalla i 2019 inn representantar for ammegeit til eit møte på Skei. Dessverre har det berre vorte med dette eine møte. Ein del av skulda kan ein legge på korona. Signala som ein har fått er at det ikkje er stor interesse for eit slik utval. Stemmer det? Ei av utfordringane til styret i SFSG er å komme i kontakt med dei som driv med ammegeit, då her ikkje er noko oversikt over desse buskapane. Styret i SFSG ønskjer tilbakemelding frå dei som driv med ammegeit, om det er interesse for eit «Utval for ammegeit», og kven som eventuelt bør sitte i eit slikt utval. Ta kontakt med Gunn Sande tlf. 905 27 745 eller Ragnhild Sæle tlf. 416 33 342

GJETARHUND.

Sesongen for gjetarhund er komen fint i gang. Alle gjetarhundlaga har hatt fellestreninger i vinter og på våren før lamminga starta. Både Nordfjord og Indre Sogn gjetarhundlag har fått arrangert gjetarhundprøver i klasse 1 og 2. Og den 10. og 11. juli blir det arrangert gjetarhundprøve klasse 3 i Stryn.

Nordfjord gjetarhundlag har og hatt eit kurs i sin region.

Sunnfjord og Ytre Sogn gjetarhundlag er kome godt i gang med to faste fellestreninger for veka. Dette vil nok halde fram til utover hausten.

Vi oppmodar om at ein tek kontakt med gjetarhundlaget i sin region, om ein vil vera med å trene gjetarhund. Kanskje nokon har fått sin første gjetarhund, og da kan det være greitt å søkje litt hjelp i starten.

Gjetarhundnemnda har hatt 2 møter til no i år.

HAUSTSAMLING 2021

Med dei føringane som er no i høve covid 19, når det gjeld vaksinerings m.m., så tek vi sikte på å få til ei fysisk samling på Quality Hotel Sogndal 29-30.oktober. Skal ikkje alt organisasjonsarbeid forvitre, så er det viktig at vi kan begynne å møtast fysisk igjen. Har de ønskje om tema til haustsamlinga, så kom med tilbakemelding snarast.

MØTE MED AVLSUTVALET FOR SAU I SOGN OG FJORDANE

Avlsutvalet for sau i SFSG inviterer til avlsmøte med ringane og bruksbesetningane på Thon Hotel Jølster 11.august kl 18.00. Meir info kjem.

TILSKOT LOKALLAG

SFSG betalar ut tilskot til aktivitet i lokallaga. Etter innspel på fylkesårsmøtet om dårleg økonomi i lokallaga vart denne potten auka til kr 50 000,- for 2021. Lokallaga kan få inntil 60 % av godkjend kostnad med eit tak på kr 5 000,- per aktivitet. Det må sendast inn søknad med rekneskap for aktiviteten. For å få aktiviteten vurdert av styret på førehand, må det sendast inn søknad og budsjett.

Døme på aktivitet det kan søkjast tilskot til:

Aktivitet med fagleg innhald: fagturar, fjøsbesøk og liknande. Det blir ikkje betalt ut støtte til lovfesta aktivitet som årsmøte og styremøte.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

KAMPANJE MEDLEMSVERVING 2021

Medlemstalet i organisasjonen vår går nedover, både på landsplan og i fylket. Dette påvirker økonomien og drifta i organisasjonen, spesielt på sentralt hald. Styret i NSG vil få vanskelege prioriteringar på bordet framover, dersom aktiviteten skal oppretthaldast utan at organisasjonen går med underskot og tærer eigenkapital. I tillegg har beitenæringa utfordringar som tilseier at det skulle vore fleire tilsette i NSG som jobbar for oss. For Sogn og Fjordane sin del står fylkeslaget i fare for å mista ei utsending til årsmøtet i NSG i nær framtid. Elles er det nokre lokallag i fylket som har trong økonomi, eller som står i fare for å mista utsendingar til fylkesårsmøtet.

Fylkestyret vil oppmoda både lokallaga og medlemmer om å verva nye medlemmer til NSG. Dette kan vera både hovudmedlemmer, husstandsmedlemmer og støttemedlemmer. Ved netto medlemsauke i perioden 01.03.2021 til 31.10.2021 vil fylkeslaget betala ut kr 200 for kvart medlem som medlemstalet aukar med. Nye medlemmer som har vore medlem i eitt av dei to føregåande åra, vert trekte i frå auken. Nye medlemmer må ha betalt inn årets kontingent innan 31.10.2021.

Medlemsfordeler NSG: <https://www.nsg.no/medlemskap/medlemsfordeler/>

Medlemsfordeler i Sogn og Fjordane Sau og Geit:

Apotekavtale med reduserte prisar på enkelte apotek i fylket

Tilgang til Facebookgruppa til Sogn og Fjordane Sau og Geit

Medlemmer som vervar medlemmer får vervepremie frå NSG.

Sogn og Fjordane Sau og Geit har eigen vervepremie til den i fylket som vervar flest medlemmer.

Informasjon om medlemsskap, medlemsfordeler og verving/innmelding finn du her: <https://www.nsg.no/medlemskap/>

Lukke til med vervinga!

SAUESKABBMIDD

Saueskabb vart utrydda i Norge i 1894, men vart dessverre igjen påvist i januar 2021, i eit geitehald med afrikanske dverggeiter i Trøndelag. Sjå artikkel i Sau og Geit nr. 3 2021. Det er eit omfattande utbrot med stor geografisk spreiding, grunna omfattande kjøp og sal av dyr. Det er ein del dyr i det pågåande utbrote som ikkje lar seg spore og som er omsett ulovleg. Dessverre er her ein del som har nokre få «hobby» geiter og som ikkje føler dei lover og reglar som gjeld for hold av småfe på hobbybasis og flytting av småfe. Geitene som har fått påvist saueskabb har lite symptomer. Sjukdomen er vanskeleg å behandle hos sau, og vil få store konsekvensar for dyrevelferden og for økonomien i sauehaldet, om ein får sjukdommen på sauen. Har vi nokon som driv med småfe på «hobby» basis i vårt nærrområde, så bør vi sjekke om dyrehaldet er i følgje regelverket. Ta kontakt med eigar av dyra, eller med mattilsynet. Dette er og dyreeigarar som bør inviterast med på fagmøter og som kan verte medlem i lokallag av NSG.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

Orgnr.

3703 20 15213

971 115 599

KÅRING 2021

Kåringane i 2020 vart avvikla med restriksjonar. Om vi er 100% tilbake til «normalen» i 2021 er litt for tidleg å sei noko om. Dette er det avlsutvalet som tek stilling til.

CWD – REVIDERT SONEFORSKRIFT

Det er i år 5 år sidan det vart påvist CWD på ei reinssimle i Nordfjella. Etter at det vart funne CWD på ein reinsbukk på Hardangervidda i 2020 vart det 11.6.2021 vedteken felles soneforskrift for Nordfjella og Hardangervidda. Det er no felles retningslinjer i desse sonene blant anna for bruk av salt til beitedyr utandørs. I utgangspunktet er det forbudt å sette ut eller bruka salt til beitedyr utandørs (salt og mineraler inkl laussalt og slikkestein). Forskrifta gjev løyve til å gje beitedyr salt frå ein saltinnretning i normal beiteperioden på vilkår av at ein sikrar at det ikkje kjem salt ut direkte eller ved avrenning, og at saltinnretninga vert flytta fleire gonger i løpet av beiteperioden. Dette medfører ein god del ekstraarbeid for beitebrukarar innanfor CWD-sonene. For SFSG gjeld dette kommunane Lærdal og Aurland.

Elles er det vert å merka seg at for Nordfjella-sonen fylgjer sonegrensa kommunegrensene medan Hardangervidda-sonen har geografisk avgrensing tilsvarande Hardangervidda villreinområdet sør for riksveg 7. Det er lagt ned ein god del arbeid frå næringa si side inkl Norges Bondelag/NSG for å argumentera for at sonegrensa i Nordfjella-sonen òg bør avgrensast meir og ikkje fylgja kommunegrensene.

FACEBOOK

Styret i SFSG har «vaska» lista over medlemmar på Facebook mot medlemsliste i NSG. Dei som ønskje å vere medlem i Facebook gruppa til SFSG må vere medlem i SFSG.

BEITESESONGEN 2021.

Dei fleste har nok sendt sauene sine på utmarks- eller fjellbeite no. Spenninga då er korleis beitesesongen vert. Ikkje minst, i høve rovdyr. Ulven som har hatt tilhald i Sunnfjord og Ytre Sogn dei siste åra, vart teken ut i januar 2021, så då kan ein håpe på ein roleg beitesesong i høve rovdyr i dette området. Så får ein håpe på at det ikkje dukkar opp ulv i Vestland fylke i 2021. I indre Sogn startar derimot beitesesongen med problem med jerv. Allereie i mai fann ein kadaver som følgje av jerveangrep. I Luster har ein funne DNA frå 8 ulike individ av jerv. Vi er i beiteprioritert område, og då bør SNO snarast gå inn med ekstraordinært uttak.

NSG har endeleg laga ny plakat vedrørande bandtvang. Den er til sals i medlemsbutikken til NSG og kjem i A3 format med tekst på fleire språk. NSG har og utarbeida eit skjema når det gjeld hundeskade, som ein vert oppmoda om å bruke. Dette for å få registrert omfanget av skadar som skuldast hund. Så får vi krysse fingrane og håpe på at hundeigarar held hundane sine i band, når dei ferdast i beiteområda.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

Orgnr.

3703 20 15213

971 115 599

E-POSTADRESSE M.M.

Ber om at alle lokallag går inn på «min side» og sjekkar at ein har e-postadresse til alle som har e-post ,og at alle ligg inne med rett «gateadresse». Som følgje av kommunesamanslåing og krav om gateadresse, så er det kanskje ikkje alle som ligg inne med rett adresse. Då kan ein risikere at bladet «Sau og Geit» vert sendt i retur.

Lokallaga bør innhente e-postadresse til dei som manglar dette, og riktig postadresse til dei som har feil, og sende oversikt over dette til NSG. E-post adresse til alle som har, vil gjere det enklare for SFSG og NSG og sende ut informasjon direkte til den enkelte medlem.

Styret i SFSG ynskjer å nytta «Min side» meir aktivt til å senda ut informasjon til alle lokallagsmedlemmar. Det er viktig å notera seg at all e-post som vert sendt frå «min side» har avsendar noreply@nsg.no.

Ønskjer alle medlemane god sommar

Styret.